



Vertshuset er igjen til sals. (Foto: Ola Matti Mathisen)

No ligg det an til nytt eigarskifte i Vertshuset i Uskedalen. Huset er avertert til sals på FINN.no og prisantydning er 3,49 millionar.

Overskrifta er 'Næringsbygg, vertshus, i vannkanten i båthavnen i Uskedalen, Hardanger' og det er Privatmegleren Vikebø & Jørgensen som har oppdraget.

I prospektet blir det opplyst at huset ligg i båthamna i Uskedalen i svært idylliske omgjevnader og at Uskedalen er sjøve portalen til Hardanger med stutt veg til millom anna Folgefonna og sommarskiseret i Jondal.

Det vert og peika på at den vestvendte og solrike tomte til bygget er påkosta og står fram som meget bra og at tilkomsten er like enkel frå sjøen som frå vegen.
Det vert vidare opplyst at første høgda er svært påkosta i dei seinare åra.

Av Ola Matti Mathisen